

## Kontrollutvalet i Sande

### **SAK 36/16 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – BARNEVERN - TILTAK, TILSYN, RUTINAR.**

#### **Vedlegg**

Forvaltningsrevisjonsprosjekt –Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Sande kommune.  
Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 15.11.2016.

#### **Saksopplysningar**

##### **Vedtak for prosjektet**

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 39/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i kontrollutvalet sak 19/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og sjå på om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen i dag og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

- MÅLSETTING

I høve rapporten var formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

I utgangspunktet skulle dette belysast ved følgjande problemstilling:

- Fyl kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking.

Etter at arbeidet kom i gang, vart det fort klart at det i kontrollperioden ikkje har vore gjennomført omsorgsovertakelsar i Sande kommune. Revisjonen har derfor ikkje kunne gått vidare med problemstilling ovanfornemnde . Det er derfor utledda ny problemstilling:

- Fyl kommunen regelverket vedkomande tiltak.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS sine satsar med omsyn til arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, vert følgd for den enkelte fosterheim. I denne samanheng kun på grunnlaget for 2015.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal i høve andre kommunar. I denne samanheng kun på grunnlaget for 2015.

Barnevernstenesta i Sande kommune er organisert under NAV. I følge rapportering til SSB er det er 2,4 stillingar knytt til barnevernstenesta. I rapportering til Fylkesmannen for 2.halvår 2015 viser dette 2 stillingar. Rapportering til SSB og til fylkesmannen er ikkje heilt samanfallande.

- **PROBLEMSTILLINGAR**

1. Fyl kommunen regelverket vedkomande tiltak..
2. Fyl kommunen regelverket i høve tilsynsførarrolla.
3. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fyl kommunen regelverket.
4. Samanlikning mellom kommunane.

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

**Fyl kommunen regelverket vedkomande tiltak..**

Barnevernet si oppfølgingsfase, det vil seie korleis barnet vert følgt opp av barnevernet når barnet på grunn av forhold i heimen eller av andre grunnar har særlege behov, skal barnevernstenesta sørgje for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien. Typiske hjelpetiltak kan vere råd og rettleiing til foreldre, avlastningsheimar, ansvarsgrupper, støttekontakt/leksehjelp og div økonomisk støtte. Det skal utarbeidast tiltaksplanar.

**I rapporten sin del 3, side 13 heiter det i revisor si vurdering:**

Av veiledaren frå BLD går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar: den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måter gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særst viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp og slike planar gir auka forutsigbarheit noko som er vesentlege element i forhold til klientane si rettsikkerheit.

Slike planar er viktige virkemidlar i barnevernsteneste sitt forvaltningsmessige arbeid (saksbehandlinga), og reell nytte er avhengig av at utarbeiding og bruk av tiltaksplanar inngår som ein naturleg del i det daglege barnevernarbeidet, ikkje minst i samhandling med dei som planen angår, og det er viktig at foreldre og ungdom samtykker i tiltak.

Barnevernstenesten i Sande hadde utarbeida tiltaksplan for for alle klientane, og dette viser at dei aktivt brukar tiltaksplan i sitt arbeid. Kun ved eit tilfelle var planane ikkje signert av føresette.

Det er eiga forskrift om politiattest for dei som arbeider på tiltakssida i barnevernet. Det er dokumentert at det er innhenta politiattest for dei 2 tiltaka som er omfatta av forskrifta.

Iflg BVL § 4-5 og ovannemde veiledar skal tiltak evaluerast regelmessig, medan etablert intern kontroll i kommunen har krav til evaluering 4 ganger pr år. Det skal gå fram av tiltaksplanen på kva tidspunkt den skal evaluerast (når eller kor ofte).

Tiltaksplanar frå tidleg i kontrollperioden (2013) inneheldt ikkje alltid opplysningar om tidspunkt for evaluering, men her viser kontrollen ei klar forbedring. Trass at det ikkje var fastsett tidspunkt for evaluering, har alle planar vore evaluerte. Tiltaksplanar frå 2014-2015 har i dei fleste tilfelle fastsett evalueringstidspunkt, og evaluering er foreteke i samsvar med dette.

Tiltak kan strekke seg over kort eller lang tid og innhaldet i tiltaka er også forskjellig. Det vil ikkje alltid vere hensiktsmessig å evaluere eit tiltak 4 gangar i året slik det er angitt i etablert intern kontroll.

Og **konkluderer** på side 14 med at:

Kommunen fylgjer lov/forskrift når det gjeld utarbeiding av tiltaksplanar og signering føresette/ungdom.

Kommunen fylgjer reglane i forskrift når det gjeld innhenting og oppbevaring av politiattest. Evaluering av planane skjer iht lov/forskrift, og tidspunkt fastsett i planane. Kommunen bør vurdere om gjeldande intern kontroll vedk. evaluering (4 ggr pr år) er hensiktsmessig.

Problemstilling 2:

### **Fyl kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla**

I rapporten sin del 4, side 17 heiter det i revisor si vurdering:

#### **Tilsynsførar**

Det skal førast tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet fram til barnet fyller 18 år. Barnevernstenesta skal opprette tilsynsførar til kvart enkelt barn ved godkjenning av fosterheim. Tilsyn er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Det at kontrollen skal utførast av ein uavhengig tredjeperson skal bidra til å sikre barnet sine rettar. Det skal derfor leggast vekt på å finne ein person som barnet har, eller kan få, nødvendig tillit til, og som har føresetnadar for å kunne utføre tilsynsoppgåva. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året, og det skal utarbeidast rapport etter kvart tilsyn. Rapportane skal sendast til barnevernstenesta.

#### **Oppfølging av tilsyn der Sande kommune er omsorgskommune:**

*Barnevernet si oppfølging:*

For klient 1 har barnevernet utført 2 tilsyn i 2013, 3 i 2014 og 6 i 2015. Barnevernet kan redusere antal tilsyn etter 2 år dersom forholda er stabile, men det ligg ikkje føre dokumentasjon på at det er teke ei sånn beslutning. Ser ein på 2015 er det utført fleire tilsyn enn det er krav til.

For klient 2 har barnevernet utført 2 tilsyn i 2013, 3 i 2014 og 6 i 2015. Barnevernet kan redusere antal tilsyn etter 2 år dersom forholda er stabile, men det ligg ikkje føre dokumentasjon på at det er teke ei sånn beslutning. Ser ein på 2015 er det utført fleire tilsyn enn det er krav til.

Barnevernet si oppfølging av barn plassert i fosterheim har vore litt mangelfull i 2013 og 2014, men klar forbedring. For 2015 ser dette veldig bra ut.

*Fosterheimskommunen si tilsynsførarordning:*

Klient 1 har hatt 2 tilsyn i 2013, 4 i 2014 og 3 i 2015, det same som klient 2.

Fosterheimskommunen si oppfølging når det gjeld tilsyn i dei saker der Sande kommune er omsorgskommune er ikkje tilfredsstillande. Av ovannemde går det fram at det for alle klientar har vore manglar i utførte tilsyn. Sande kommune skal ha kopi av tilsynsrapportane, og følgje opp ev. forhold som gir grunn til bekymring. Kommunen må derfor purre på ev. manglande rapportar (som igjen sannsynlegvis er ein konsekvens av manglande tilsyn). Det kan vere at det er utført tilsyn, men at fosterheimskommunen har gløymt å sende rapportane til omsorgskommunen. Ei ev. purring vil fange opp dette, men vi kan ikkje sjå at det er foreteke slik purring.

### **Oppfølging av tilsyn der Sande kommune er fosterheimskommune:**

Kommunen er ansvarleg for å oppnevne tilsynsførar.

Kommunen har tilsynsansvar for 5 born som har opphald i kommunen (plassert frå andre kommunar). Alle borna har oppnemnd tilsynsførar.

For klient 1 har det ikkje vore tilsyn i 2013, og kun 1 tilsyn for hhv 2014 og 2015. Barnevernstenesta fekk ikkje beskjed om at barnet var plassert i kommunen før utpå året i 2014.

Klient 2 har hatt 2 tilsyn i 2013, men berre 1 tilsyn for hhv 2014 og 2015. Vedkomande var over 15 i løpet av 2015, og då er det høve til å redusere antal tilsyn til 2 viss omsorgskommunen samtykker. I dette tilfelle var det i brevet frå omsorgskommunen ved plassering opplyst at det var tilstrekkeleg med to tilsyn i året. Derfor var det 2 tilsyn i 2013. Slik vi vurderar fosterheimsforskrifta, er det først når barnet er 15 år at det kan gjerast «vedtak» om redusert tilsyn og dette fosterbarnet var ikkje 15 år før i 2015. Etter samtykke frå omsorgskommunen er det fosterheimskommunen som skal gjere slikt «vedtak» og barnet skal samtykke. I dette tilfelle er det omsorgskommunen som har instruert fosterheimskommunen, og barnet var heller ikkje 15 år når dette vart gjort. Vi legg derfor til grunn at det skulle vore utført 4 tilsyn. I 2014 var det berre 1 tilsyn, og dette skuldast at tilsynsførar ikkje fekk løn frå omsorgskommunen og sa opp engasjementet. Ny tilsynsførar vart oppnevnt og dette vart formidla til omsorgskommunen. Det vart purra fleire gonger sidan omsorgskommunen ikkje tok kontakt med oppnevnt tilsynsførar for å gjere avtaler vedk. vilkår. Fosterheimskommunen (Sande) var også i kontakt med fylkesmannen for å få råd om kva ein skal gjere i slike tilfelle. Det er ei svakheit at det er omsorgskommunen som skal gjere avtale og foreta utbetalingar til tilsynsførar, medan det er fosterheimskommunen som er ansvarleg for å oppnevne tilsynsførar og få inn tilsynsrapportar.

Når det gjeld klient 3 er krava til tilsynsbesøk tilfredsstillande oppfulgt då plasseringa skjedde i 2014.

Det er i tillegg 2 fosterbarn til pr 31/12-2015, men desse vart plassert så seint på året at tilsynsførarbesøk ikkje var kome igang (men tilsynsførar var oppnevnt).

Oppsummert viser gjennomgangen at regelverket for tilsynsbesøk kun er fulgt i ei av tre saker.

Det har dermed ikkje vore tilfredsstillande tilsyn/oppfølging i kontrollperioden.

### **Tilsynsførarordninga – uavhengigheit**

Postadresse: 6149 Åram

Organisasjonsnr: 987 829 257

Telefon: 70030440

Bankkonto: 3910.26.35373

Telefaks: 70030449

E-postadresse: post@vestkontroll.no

Mobil: 90187950

Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

Iflg fosterheimsforskrifta skal tilsynsførarar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Iflg barnevernsleiar har dei ikkje noko system for å dokumentere dette, men dei ser at dette er nødvendig å skriftleggjere. Dette er noko dei vil ta tak i barnevernsnettverket som har faglege samlingar (til hausten).

### **Tilsynsrapportar:**

Krav til innhald i tilsynsrapportane er heimla i fosterheimsforskrifta § 9. Rapporten skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon, og kva forhold vurderingane bygger på. Det skal av rapportane gå fram kva forhold vurderingane av barnet sin situasjon bygger på, og om det har vore samtalar med barnet (det skal leggst til rette for samtale utan at fosterforeldra er tilstades).

Det vert brukt forskjellige malar av tilsynsførarane. Ikkje alle dekkar krava til innhald i rapportane, m.a. manglar det i enkelte tilfeller opplysningar om korvidt det har vore samtalar med barnet utan andre tilstades.

Revisjonen **konkluderer** med (rapporten del 4, s.19):

Barnevernet si oppfølging av barn plasserte i fosterheim (Sande kommune er omsorgskommune) er ikkje tilfredsstillande fulgt opp. Det same gjeld fosterheimskommunen sitt ansvar med tilsyn av desse barna. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold frå rapportane, det er viktig at ev. manglande rapportar vert etterspurt.

Regelverket vedk. tilsynsførarrolla for barn der Sande kommune er fosterheimskommune vert ikkje fulgt, men det er dokumentert at kommunen har gjort det dei kan for å få ordninga opp og gå i dei tilfeller det ikkje har fungert.

Det vert ikkje dokumentert egenvurderingar eller andre tiltak mht uavhengigheit, og det er derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet.

Problemstilling 3:

### **Fyl kommunen regelverket mht arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning**

I rapporten sin del 5, side 21 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

Utbetalt arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning er i samsvar med veiledande satsar. Kommunen har ikkje teke i bruk økonomidelen i Familia, og fører heller ikkje prosjektnummer i Agresso. Likevel er dette så oversikteleg at ein har full kontroll på kostnader pr fosterbarn.

Utbetalt arbeidsdekning og utgiftsgodtgjersle er i samsvar med KS sine satsar. Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda.

Problemstilling 4:

### Samanlikning mellom kommunane

- **Bemanning**

I rapporten sin del 6, side 24 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Når det gjeld andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så har Ulstein lågast, deretter Herøy, og Hareid har mest meldingar. Sande har er blant dei to kommunane som har mest andel nye meldingar. Born med tiltak pr. årsverk er høgast i Ørsta, og med Herøy tett under. Lågast er Vanylven og Hareid, men også her er det variasjonar mellom rapporteringane for alle kommunar unnateke Vanylven. Sande ligg på snittet. Barn under omsorg pr. årsverk er høgast på Hareid, medan Sande er lågast. Avvik mellom rapporteringane gjer også utslag her. Berekna nøkkeltal på bakgrunn av KOSTRA-rapportering viser at Hareid har mest undersøkingar i forhold til barn 0-17 år, med 5,3 % av barn i denne aldersgruppe. Ulstein lågast med 1,9 %, og dei andre på ca. 3%. Barn med berre hjelpetiltak, i denne aldersgruppa utgjer 3,5 % for Herøy, der Volda har mest hjelpetiltak med 4,5 % og Sande med 4,1%. Ulstein og Hareid har minst med hjelpetiltak ( 2,3/2,4 %). Våre berekningar samsvarar ikkje med Kostra då vi tek utgangspunkt i antal barn med hjelpetiltak, medan Kostra tek med også barna som har omsorgstiltak.

- **Driftsutgifter**

I rapporten sin del 7, side 25 heiter det i revisor si vurdering og konklusjon:

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viser at Sande kommune nyttar kr 1.008,- pr. innbyggjar 0-17 år på barnevernstiltak i heimen, der Herøy kommune brukar mest med kr 1 697,- og Volda minst med kr 219,-. Når det gjeld barnevernstiltak utanfor heimen brukar Sande kommune minst kr 805,- pr. innbyggjar 0-17 år, medan Vanylven brukar mest med kr 7 303,- , og Herøy nest minst med kr 2.549,- . Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart jfr tabell nedanfor. Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak ( funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 29 med unntak av Sande der rapportering til Fylkesmannen er lagt til grunn.

Berekninga viser at Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak pr barn med tiltak med kr 4 969,- medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Sande ligg på snittet. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112 pr. barn med omsorgstiltak, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752,-.



- ANBEFALINGAR

Revisor kjem med følgende anbefalingar (rapporten del 8, s.28):

- 1 Kommunen bør vurdere om gjeldande intern kontroll vedk. evaluering av tiltaksplanar er hensiktsmessig (4 ggr pr år).
- 2 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 3 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 4 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB ( KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

- RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

I rapporten del 9, side 29, kjem rådmannen med si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten:

Det vert synt til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS sin forvaltningsrevisjon av barnevernet i Sande kommune. Det framgår ikkje av rapporten når tid revisjonen er gjennomført. Men kontrollperioden er 2013-2015. Revisjonen er gjennomført etter vedtak i kontrollutvalet i Sande kommune i 2015 i sak 39/15.

Revisjonen har i si undersøking halde seg til disse problemstillingane:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande tiltak
2. Fylgjer kommunen regelverket mht tilsynsførarrolla
3. Fylgjer kommunen regelverket mht arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning
4. Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre

Der revisjonsrapporten peikar på disse punkta til vurdering/forbetring:

1. Kommunen bør vurdere om gjeldande intern kontroll vedk. evaluering av tiltaksplanar er hensiktsmessige (4 ggr pr år).
2. Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna for det tilsynet dei har krav på.
3. Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
4. Rapporteringa til Fylkesmannen og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

Rådmannen sine merknader til tilsynsrapporten er disse:

Ad 1 - Kommunen bør vurdere om gjeldande intern kontroll vedk. evaluering av tiltaksplanar er hensiktsmessige (4 ggr pr år).

Evaluering av hensiktsmessige antal evalueringar vert teke med som eit innspel til neste evaluering av internkontroll.

Ad 2 - Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna for det tilsynet dei har krav på.

Grunna sjukefråvær i tenesta, vart det gjort ei fagleg vurdering i høve besøk i fosterheimen. Sakshandsamar var langtidssjukemeldt, og det vart vurdert at det ikkje var til barnas beste å måtte halde seg til ein ny person så lenge dette var uavklart. Dette skaper lett uro for barna. Situasjonen til barna vart følgd gjennom samarbeidsmøter med foreldre, fosterforeldre og besøksheim. Oppfølginga har vore fagleg god etter ei barnets beste-vurdering sjølv om den ikkje stettar lovkrava. Forholda i fosterheimen er svært stabile, og det vil verte gjort vedtak om at det er tilstrekkeleg med to besøk i heimen i året, i tillegg til jamne samarbeidsmøter. Mange besøk i 2015 er grunna skifte av sakshandsamar då det vart endring i stilling for å få til ei god overlapping.

Oppfølging av tilsyn angående klient 1: Barnevernstenesta fekk først i slutten av mai 2014 beskjed frå omsorgskommuna om at barnet var plassert i Sande kommune.

Generelt om oppfølging av tilsynsansvaret: Gjennom satsinga Mission Possible, er det utarbeidd nye og tydelege rutiner for tilsyn med fosterbarn. Dette etter oppdrag frå rådmannsgruppa på Sunnmøre i samband med lovendring. Det er der mellom anna bestemt at det skal vere fosterheimskommunen som gjer avtale med tilsynsførar, slik at ein betre kan sikre at tilsyn vert iverksett i tråd med det ansvaret ein

Det er også gjennom Mission Possible utarbeidd ein ny mal for tilsynsførar. Der skal det kome fram kven tilsynsførar har hatt samtale med, og kven som var til stades.

Nye rutiner i Mission Possible vil sikre betre kontroll med tilsynsansvaret. Sjekkliste for oppfølgingsarbeidet er også utarbeidd der.

Ad 3 - Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar. Dette er no innarbeidd i den skriftlege oppdragsavtalen, der tilsynsførar bekreftar uavhengigheit til barnevernstenesta, fosterbarnet, biologiske foreldre og fosterforeldre. Tilsynsførar si uavhengigheit er kome inn på avtaleskjema og teke i bruk.

Ad 4 - Rapporteringa til Fylkesmannen og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare. Det har vore rapportert 2,4 stilling til både fylkesmannen og SSB. Etter at tiltaksstillinga vart oppretta i 2014, er det til fylkesmannen rapportert inn 0,4 stilling knytt til tiltak med funksjon 251.

Det er meir samsvar mellom rapporteringane enn det rapporten seier.

---

Ein viser elles til rapporten Forvaltningsrevisjonsprosjekt –**Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar – Sande kommune**, som ligg ved.



**Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar - Sande kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 15.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen må vurdere om gjeldande intern kontroll vedk. evaluering av tiltaksplanar er hensiktsmessig (4 ggr pr år).
  2. Barnevernstenesta må følgje opp rutinene i høve egne oppfølgingsbesøk, og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav på.
  3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
  4. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar

  
Sigrid Aa. Torbjørnsen  
Konsulent